

## Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 28.11.2023

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H, FrP fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Vestland fylkeskommune er positive til tiltaket då det bidreg til å tiltrekkje seg industri til dømes innan fangst, lagring og bruk av Co2 frå atmosfæren. Vi anerkjenner at tiltaket vil bidra til elektrifisering, næringsutvikling og forsyningstryggleik i regionen vår, og at det er behov for rask avgjerd. Vi støttar difor søknaden og ser fram til å sjå dei positive effektane det vil ha på samfunnet vårt.
2. For å unngå konflikt med freda kulturminne ber Vestland fylkeskommune om at ein går i dialog for å sjå på moglegheit for å endre traséen for ny luftleidning som kryssar over Straumsneset endrast til å ligge parallelt med eksisterande luftleidningar i sør, og detaljplan må konkret skildre korleis eksisterande straumkablar Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kolsnes skal rivast. Fylkesutvalet vel å ikkje fremje motsegn, då vi ikkje vurderer tiltaket å vere i direkte konflikt med kulturminne.
3. Fylkeskommunen ser at Statnett ikkje har omtala folkehelse som eige tema i KU. Folkehelse nemnast stykkevis i fleire deltema gjennom dokumentet, noko som gjer det vanskeleg å vurdere samla verknadar. Fylkeskommunen ber NVE leggje vekt på folkehelse i vurderinga av søknaden.
4. Fylkeskommunen ber om at Statnett arbeidar breitt vidare med avbøtande tiltak.»

### Avrøysting

Bjørkly sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG, SV) for innstillinga.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune er positive til tiltaket då det bidreg til å tiltrekkje seg industri til dømes innan fangst, lagring og bruk av Co2 frå atmosfæren. Vi anerkjenner at tiltaket vil bidra til elektrifisering, næringsutvikling og forsyningstryggleik i regionen vår, og at det er behov for rask avgjerd. Vi støttar difor søknaden og ser fram til å sjå dei positive effektane det vil ha på samfunnet vårt.
2. For å unngå konflikt med freda kulturminne ber Vestland fylkeskommune om at ein går i dialog for å sjå på moglegheit for å endre traséen for ny luftleidning som kryssar over Straumsneset endrast til å ligge parallelt med eksisterande luftleidningar i sør, og detaljplan må konkret skildre korleis eksisterande straumkablar Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kolsnes skal rivast. Fylkesutvalet vel å ikkje fremje motsegn, då vi ikkje vurderer tiltaket å vere i direkte konflikt med kulturminne.
3. Fylkeskommunen ser at Statnett ikkje har omtala folkehelse som eige tema i KU. Folkehelse nemnast stykkevis i fleire deltema gjennom dokumentet, noko som gjer det vanskeleg å vurdere samla verknadar. Fylkeskommunen ber NVE leggje vekt på folkehelse i vurderinga av søknaden.
4. Fylkeskommunen ber om at Statnett arbeidar breitt vidare med avbøtande tiltak.